



Kålås Bygg AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1290 - 18/18933

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
13.06.2018

## Ferdigattest for einebustad med tilhøyrande anlegg - gbnr 195/3 Leiknes

### Administrativt vedtak. Saknr: 301/18

**Tiltakshavar:** Rolf Henning Hegland

**Ansvarleg søkjar:** Kålås Bygg AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.07.17. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.06.18.

Det er i søknad opplyst at kjellar for bustaden har mindre bruksareal enn det som var oppgjeve ved søknad om løyve til tiltak, dette grunna tjukkelse på opphavelag steinmurt grunnmur og det faktum at bredde på kjellarplanet er noko mindre enn hovudplanet. Dette medfører at det samla bruksarealet (BRA) for einebustaden som er lagt til grunn i søknad og vedtak datert 19.07.17 er større enn det faktiske arealet i bustaden. I søknaden er bruksarealet oppgjeve til om lag 235 m<sup>2</sup>, rett samla storleik på bruksareal for einebustaden er i søknad om ferdigattest opplyst til om lag 189 m<sup>2</sup>, det ligg ved oppdatert planteikning for kjellarplanet, vedlegg E2 kjellar teikningsnr. 09.02 rev C datert 01.06.18.

### Skildring

Adresse:	Hodnesdalsvegen 76
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande våningshus samt etablering av ny einebustad med tilhøyrande anlegg
Bygningsnummer:	300647567
Bruksareal:	189 m <sup>2</sup>
Vatn og avlaup:	Privat
Tal på røykløp:	1



**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av våningshus samt for etablering av einebustad med tilhøyrande anlegg på eigedom gbnr. 195/3.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1290

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Rolf Henning Hegland	Hodnesdalsvegen 78	5915	HJELMÅS
Rolf Henning og Elin Hegland	Hodnesdalsvegen 78	5915	HJELMÅS

**Mottakarar:**

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
---------------	-----------------	------	-------------